

Utkast til reglar om fullmakter og behandlingsprosedyre i rettskrivingssaker Høyringsfråsegn frå Noregs Mållag

Noregs Mållag takkar for høvet til å få senda inn høyringsfråsegn i denne saka. Vi har desse kommentarane:

1 Overordna vurdering

Noregs Mållag er glad for at behandlingsmåtane for den vidare normeringa av nynorsk skal klårgjerast. Mållaget deler også prinsippet om stabilitet, "at ein i framtida så langt råd er, unngår nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i enkeltpørsmål" (St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og meinings, side 171, sjå også side 173). Vi står føringa om å byggja vidare på dét.

2 Rettleiing om valfridomen i rettskrivinga

Noregs Mållag gjekk på landsmøtet i 2008 inn for at skiljet mellom hovudformer og klammeformer burde opphevast i nynorsk. Med innføringa av den nye norma har det likevel vore noko uvisse om den valfridomen som no er innført, er tenleg for dei som er usikre språkbrukarar og berre tidvis har nynorsk som arbeidsspråk, t.d. i offentlege organ. Vi er positive til at Språkrådet får fullmakt til å laga rettleiingar om språkbruk til hjelp for dei som ynskjer eit slikt tilbod. Mange vil ha stor nytte av ei slik hurtiginnføring i korleis skriva enkel og grei nynorsk. Vi vil likevel understreka at ein må vera varsam i oppbygginga og presentasjonen av slikt rettleiingsmateriell. Det vil vera uheldig dersom det skulle bli oppfatta slik at delar av norma er "andrerangs" nynorsk, fordi det vil riva grunnen bort under det normeringsvedtaket som er gjort med verknad frå 1. august 2012.

3 Normeringsendringar

Endringane i vedtekten legg opp til at Språkrådet får fullmakt til å vedta ny stavemåte eller böying av tidlegare normerte ord og justeringar i gjeldande skrivereglar dersom faktisk språkbruk eller systemomsyn gjer det formålstenleg. Mållaget ser det som uproblematisk at Språkrådet kan endre gjeldande skivereglar ut frå ei formålstenleg vurdering. Når det gjeld endringar i tidlegare normerte ord, er Mållaget generelt for at normeringa står seg på eit konsekvent grammatisk system. Noko meir uvisst er det kva som ligg i å nynormera ord ut frå "faktisk språkbruk". Her kan det lett bli eit tolkingsspørsmål kva faktisk språkbruk er ut frå kva tekstkorpus ein byggjer språkfunn på; er det den delen av nynorsk i samfunnet som er skriven av statstilsette med bokmål som fyrstespråk, eller er det nynorsken som *nynorskbrukarane* skriv? Er det skjønnlitterære tekstar eller prosatekstar eller både/øg? Mållaget rår til at ein på dette området handhevar praksisen strengt, slik at ein heller for ofte enn for sjeldan sender saka over til Kulturdepartementet for endeleg godkjenning.

4 Nynormering og rådgjeving

Utkastet til reglar legg opp til at ein kan gje førebels råd om normering av nye og tidlegare unormerte ord i norsk, for så å gjera bindande vedtak når språkutviklinga tilseier det. Særleg i terminologispørsmål ser Mållaget at det kan vera avgjerande å vera raskt ute. Her må ein med opning for å kunna gje førebels råd ta mål av seg til å koma på bana med eit alternativ før eit unorsk ord / ein unorsk skrivemåte får for godt feste.

5 Behandlingsprosedyre i Språkrådet

Noregs Mållag står vedtektsfestinga av eit fagråd som skal behandla spørsmål som gjeld rettskriving og skrивereglar og at det må nemnast opp like mange fagfolk frå kvar målform til dette fagrådet. I dag blir fagråda oppnemnde av styret i Språkrådet. Med etter måten vide fullmakter til å avgjera normspørsmål ut frå behandling i fagrådet og påfølgjande godkjenning i styret i Språkrådet, ligg ansvaret både for å peika ut rådgjevarane og å gjera vedtak etter utgreiing frå desse rådgjevarane, hjå styret. Mållaget bed Kulturdepartementet vurdera om ein bør endra prosedyren for oppnemning for dette fagrådet. Eit alternativ kan vera at departementet er tyngre inne i prosessen og at andre interesseorgan får høve til å koma med grunngjevne innspel.